



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Deres ref:
02520856-3

Vår ref:
2026/248-2
Ane Dorthea Lundberg Nordlie
Ove Holseng, kulturarv- arkeologi
Nora Ådnanes, kulturarv – bygg og landskap

Dato:
01.03.2026

Høringsfråsegn - Konsesjonssøknad - Uttak av grunnvatn frå Langeøddin til Vaset vassverk, Vestre Slidre kommune

Bakgrunn

Vi visar til brev motteken 8. januar. Vestre Slidre kommune søkar om konsesjon for å auke uttak av grunnvatn frå Langeøddin ved Vasetvatnet. Ny uttaksmengd vil vere maksimalt 20,8 l/s, med eit gjennomsnittleg uttak på 4 l/s.

Fylkeskommunen si tilbakemelding

Vassmiljø

Vassuttaket vil i følgje søkar ikkje påverke vasstanden i Vasetvatnet. Påverknaden vil vere i form av utslepp av spylevatn frå filteranlegget. Vi forutsett at utsleppet ikkje vil resultere i negativ påverknad på vassmiljøet og fisk/ferskvassorganismar i Vasetvatnet. Om det likevel skulle bli endringar i vasstanden i vatnet, meiner vi det er nødvendig å sikre aurens moglegheit til å vandre opp i sidebekker for gyting og næringssøk. Vidare forutset vi at uttaket ikkje vil forringe grunnvassførekomsten. Det er viktig at det blir gjort jamlege undersøkingar av vasskvaliteten, og at det blir fastsett gode beredskapsrutinar om ein forureiningshending skjer.

Arbeidet som er planlagt vil skje nært Svartebekken (vassførekomst 012-1582-R), men søknaden omtalar ikkje om bekken vil bli påverka av tiltaka eller ikkje. Vi gjer merksame på at fysiske inngrep i vassdrag som ikkje omfattast av konsesjonsbehandlinga vil kunne vere søknadspliktige jf. Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

Anlegget ligg innanfor eit aktsemdsområde for flaum, og det er viktig at nødvendig flaumsikring gjennomførast for å unngå skader på anlegget samt negativ påverknad på vassdraget.

Kulturarv- Arkeologi

Tiltaksområdet består av eit nes med ei å som har utløp i Vasetvatnet i enden av neset. Slike område har i utgangspunktet potensial for førekomst av steinalderbuplassar. Dette området

ligg lågt over strandlinja og det er allereie gjennomført betydelege inngrep i nyare tid i området. Desse forholda gjer at funnpotensialet likevel ikkje blir vurdert som særleg høgt.

Sør for tiltaksområdet er det registrert store mengder kolgroper og jernframstillingsplassar. Me har imidlertid ikkje oppdaga slike, eller andre automatisk freda kulturminne, på høgdedata i eller inntil tiltaksområdet.

Sjansane for at det finst freda kulturminne som vil bli ramma av tiltaket vurderer me som låg. Det er derfor ikkje nødvendig å foreta arkeologisk synfaring i saka. Me gjer likevel merksam på at dersom det ved tiltak vert funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter. Jf varslingsplikt i kulturminnelova § 8 andre ledd, skal melding snarast sendast til kulturminnestyresmaktene i Innlandet fylkeskommune slik at vernestyresmaktene kan kome på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan halde fram og eventuelt vilkåra for dette.

Kulturarv- Bygg og landskap

Tiltaksområdet ligg innanfor omsynssone 570_1, Stølsvidda, nasjonalt viktig kulturlandskap, i kommuneplanens arealdel frå 2022. Området er prega av tradisjonelle hytter, stølar og stølslandskap.

Tiltaket er beskrive med avgrensa arealinngrep som hovudsakleg knyter seg til brønnområdet, vassleidningar og teknisk infrastruktur. Det blir skrive at det ikkje er planlagt større bygg eller høgder som vil påverke landskapsopplevinga, og at brønnhus og tekniske installasjonar skal tilpassast terrenget.

I rapport «Kartlegging av bygningsmiljø på Stølsvidda i Valdres» av Valdresmusea frå 2019 har stølsmiljøet rundt Røvsalin blitt vurdert til lågare verneverdi enn ellast på Stølsvidda. Seksjons for kulturarv vil derfor ikkje motsetje seg tiltaket, men har nokre kommentarar:

Vi ber om at retningslinjene i kommuneplanens arealdel knytt til omsynssona 570_1 Stølsvidda blir tekne høgd for i det vidare arbeidet. Ved oppføring av ny busetnad knytt til tiltaket ber vi om at denne forhold seg til lokal byggjeskikk. Viser her til dei to rapportane «Byggeskikkveileder for Valdres» frå 2011 og «Kartlegging av bygningsmiljø på Stølsvidda i Valdres» frå 2019. Vi vil presisere at Stølsvidda er eit område som er vurdert som nasjonalt viktig kulturlandskap (KULA-område), og ber derfor om at dette blir grunn lagd til for tiltaket.

Med vennleg helsing

Arne Magnus Hekne
Seksjonssjef - Klima, miljø og naturmangfald

Ane Dorthea Lundberg Nordlie
Rådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I INNLANDET

VESTRE SLIDRE KOMMUNE
Vassområde Valdres v/ Adrian Thorberg Karp